

Det Kongelige Kulturdepartement  
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

## Svar - Høring - NRK-plakaten

Eg viser til dykkar brev av 06.06.14 der de inviterer til innspel om NRK-plakaten. Saka vart drøfta i fylkesutvalet 18.08.14; FU-sak 90/14. det vart fatta følgjande vedtak som er våre innspel i saka:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.
7. NRK-plakataten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet.

Med helsing

Åshild Kjelsnes  
fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

1. Saksprotokoll FU-sak 90/14
2. Saksutgreiing FU-sak 90/14



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 18.08.2014

---

**Sak nr.:** 14/3846-4

**Internt l.nr.:** 25577/14

**Sak:** 90/14

**Tittel:** NRK-plakaten - høyring

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK-plakaten må leggje til rette for ressurssterke distriktskontor. Distriktskontora må også kunne ha sjølvstendige oppgåver som innhaldsprodusentar, noko som vil vere med på å utvikle NRK-tilbodet i breidde og variasjon.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4 i staden for punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.

**Framstegspartiet** sette fram slik framlegg til nytt punkt:

NRK-plakataten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet, og må være forsiktige med å publisere journalistisk produksjon frå lokale og regionale medier som er avhengige av inntekter på sin produksjon.

**Avrøysting:**

Punkta 1, 2, 3, 5 og 6 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekne. Ingen røysta for punkt 4 i fylkesrådmannen si tilråding.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Første setning i framlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for andre setning i framlegget frå Framstegspartiet. Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta mot.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.
7. NRK-plakataten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet.

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga / Ingvild Ramstad, Informasjonstenesta  
Sak nr.: 14/3846-3

## NRK-plakaten - høyring

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK-plakaten må leggje til rette for ressurssterke distriktskontor. Distriktskontora må også kunne ha sjølvstendige oppgåver som innholdsprodusentar, noko som vil vere med på å utvikle NRK-tilbodet i breidde og variasjon.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå kulturdepartementet av 06.06.14
2. Høyringsnotat NRK-plakaten

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

#### Grunnen for at saka er fremja

Kulturdepartementet har sendt NRK-plakaten på høyring. Dette vert gjort som ledd i arbeidet med å førebu ei stortingsmelding om NRK der regjeringa vil sjå på finansiering, mandat og grenseflater mot kommersielle aktørar.

NRK-plakaten vart innført i 2007, og har vorte endra fleire gonger. Departementet ber i denne omgang om særskilt innspel på to tema; form og innhald.

Fylkesrådmannen har gjort deltakarane i «Nynorskfylket» (forum for nynorsk i fylket) merksame på saka ved å sende ut høyringsnotatet. Deltakarane er oppmoda om å vurdere eigne uttaler.

### Sentrale problemstillingar

Utviklinga innan mediemarknaden er i stor og rask endring. Dette har påverka NRK si utvikling og satsingar, og det stiller allmennkringkastingstanken overfor nye utfordringar.

Spørsmål som er særleg viktige å vurdere, er om ein NRK-plakat slik den er forma i dag, er ein eigna måte å forankre staten sine krav og forventningar til NRK som allmennkringkastar. Her er det tre tilhøve det vert peika på i høyringsnotatet, jf. vedlegg 2:

- Tilhøve til ESAs retningslinjer for statsstøtte til allmennkringkastarar
- Er NRK-plakaten eigna til å forankre staten sine krav og forventningar til NRK som allmennkringkastar?
- Detaljeringsgrad i ein plakat

Når det gjeld NRK-plakaten sitt innhald, er følgjande problematisert:

- NRK sine kommersielle inntekter
- NRK sitt innhaldstilbod
- NRK sin bruk av eksterne produkt.

NRK-plakaten er ikkje avgrensa i tid. Andre land, t.d. Sverige, Danmark og Storbritannia har ordningar som er avgrensa i tid. Dette gjer at overordna forventningar vil kunne variere over tid.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Som del av vedtektene for NRK er NRK-plakaten etter fylkesrådmannen sitt syn eit viktig og sentralt dokument av stor interesse for Sogn og Fjordane. Plakaten inneheld dei overordna krav og forventningar staten har til NRK sitt allmennkringkastingstilbod. Plakaten er eit uttømmende uttrykk for NRK sitt samfunnsoppdrag. NRK-plakaten formar altså rammene for verksemda.

Forpliktinga plakaten gir til å handtere den rike språklege og kulturelle variasjonen i landet kan også ha påverka den redaksjonelle tenkinga. Den respekten som følgjer av dette, har i alle høve ikkje svekt evna til å utvikle nye programflater. Samstundes som NRK har formidla skilnadane, maktar institusjonen framleis å forme opplevd fellesskap, jf. m.a. sakte-TV.

Fylkesrådmannen ser det som særleg viktig at NRK-plakaten sikrar ein uavhengig og ressurssterk allmennkringkastar med eit breitt mandat. I dette ligg også kravet om eit godt utvikla nett av sterke distriktskontor med produksjonskapasitet. Desse er særleg viktige for oppfylling av allmennkringkastaren sitt samfunnsoppdrag. Vidare er nynorsken si stilling innan NRK-systemet eit viktig moment sett frå fylkesrådmannen si side. NRK-systemet sitt distriktsnett er også viktig i beredskapssamanheng.

Fylkesrådmannen vil utover dette knyte nokre kommentarar til form og innhald i NRK-plakaten, og då med særskilt fokus på eit Sogn og Fjordane-perspektiv.

### *2.1 Form:*

Så langt fylkesrådmannen ser det, er NRK-plakaten godt eigna til å forankre staten sine forventningar og krav til NRK som allmennkringkastar. Detaljeringsnivået synest å balansere krav og forventningar; jf. omsyn til redaksjonell fridom, lisensfinansiering og EØS-regelverket.

Fylkesrådmannen meiner NRK som mediebedrift er i ei positiv særstilling. Denne særstillinga er viktig å hegne om, og det er ikkje ønskjeleg at NRK-plakaten skal tidsavgrensast. Det må vere eit politisk ansvar å søkje eit breitt samarbeid om NRK som ein bærande allmennkringkastar i Norge med breitt tilbod og eit viktig samfunnsoppdrag, noko som tydeleg skil NRK frå andre medieselskap.

### *2.2 Innhald:*

Fylkesrådmannen viser til §§ 12 og 14 i NRK-plakaten, der det heiter at NRK skal understøtte og styrke demokratiet og at NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur.

#### *Demokratisk deltaking og debatt:*

NRK er einaste kringkastaren i Noreg som dekkjer heile landet, og der det også er lagt vekt på å ha eit nett av distriktskontor med regionale sendingar. Dette sikrar at innbyggjarane i tillegg til nasjonale/internasjonale saker og debattar, får tilgang til eit variert spekter av lokale/regionale nyhende og debattar. Dette er med på å gi kunnskap om og kjennskap til saker på ulike nivå, og gjennom dette legge grunnlag for ein opplyst debatt med ulike perspektiv. Dette er viktig for demokratiske prosessar.

I vårt fylke er NRK den einaste medieaktøren som dekker heile fylket. NRK sikrar at innbyggjarane kan høyre, lese og sjå nyhende og debatt om lokal- og regionalpolitiske avgjerder og prosessar, noko som er særst viktig for ønska demokratisk deltaking. Vi ser med uro på at regionalavisene og fleire lokalaviser sine ressursar er under sterkt press. Dette kan gå ut over avispressa si dekning av regionalt stoff.

Utan kompetente og ressurssterke distriktskontor vil NRK sitt samfunnsoppdrag i distrikta bli sterkt svekka. NRK-plakaten må sikre samfunnsansvaret også her.

#### *Språk og kultur:*

Moderne skriftkulturar treng sterke medieverksemdar som stiller krav til sin eigen språkbruk. NRK er den viktigaste språkbrukaren i Noreg. Den rolla er skapt gjennom godt redaksjonelt arbeid og med klare, formelle krav som bør førast vidare. Språkbruk kan skjule, men ikkje fjerne sosiale og kulturelle skilnader. Språkbruk kan også fremje verdfulle kulturelle endringar. NRK har vore ein språkleg møteplass der fleire enn før har kunna bruke sitt språk slik dei har ønskt, og fleire har kunna høyre si eiga målform og dels også eige målføre. Dette handlar også om å skape og synleggjere språkleg og kulturelt mangfald.

Norge var ein av dei første formelt fleirspråklege statane i verda med jamstillingsvedtaket av 1885. Dette gjorde Norge til eit språk- og kulturpolitisk moderne land. Denne stillinga må staten Norge ta vare på og utvikle. Nynorsk og bokmål må bli verande som to gjensidig forstålege og samfunnsberande språk for folk i Norge. Dette må også spegle seg i statlege mål og forventningar.

Sogn og Fjordane er eit sterkt nynorskfylke. NRK gjev innsikt i samfunnsliv og –debatt på innbyggjarane si eiga målform, og skaper eit sterkt og levande nynorsk språk. Sjølv om dagens krav i NRK-plakaten om at minst 25% av innhaldet skal vere på nynorsk ikkje alltid vert nådd, er dette eit viktig talfesta mål som må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.

NRK er i distrikta også ein unik formidlar av lokal og regional kultur og idrettsliv. Dette er særst viktig for lokalt kulturliv og utvikling. Lik tilgang til dette skapar tilhøyre og samkjensle.

#### *Born og unge:*

Born og unge må også ha eit medietilbod som tek vare på målforma deira og som til ein viss grad har lokal forankring. NRK Sogn og Fjordane har i ei årrekke laga den populære barne-tv serien "Her er eg", med born som gjer daglegdagse aktivitetar i regionen og nyttar sitt eige målføre. Serien er populær og er også seld til ei rekke andre land. Dette hadde aldri vorte laga utan eit sterkt og livskraftig distriktskontor.

#### *Distriktsutvikling:*

NRK sine distriktskontor har mange kompetansearbeidsplassar med fagfolk som bidreg til å utvikle fagmiljøa og ressursane der dei er. Slike fagmiljø finst i liten grad elles i distrikta og det er usikkert om dei vil kunne eksistere i ein reint kommersialisert kvardag. Det vil i neste omgang ha konsekvensar for programtilbodet frå distrikta.

### *2.3 Medieutviklinga*

Eit sentralt spørsmål er kva implikasjonar den pågåande medieutviklinga kan tenkjast å ha for NRK sitt mandat? Dette er eit viktig spørsmål, ikkje minst for dei av oss som bur utanfor dei folketette områda i Noreg.

I NRK-plakaten sin §13 står det at NRK skal vere allment tilgjengeleg for heile befolkninga. Det er eit viktig prinsipp at innbyggjarane i distrikta skal ha det same medietilbodet som folk i meir sentrale strom. Distrikta skal ha like moglegheiter til å sjå sendingar og lese stoff om t.d. store idrettsarrangement, gode kulturproduksjonar og viktig samfunnsstoff som valsendingar, også på nett. Frekvensane som NRK (via Riks-TV) i dag nyttar til distribusjon er sterkt ettertrakta av mobiltelefonbransjen, og kan bli overført dit seinast i 2021. Det er viktig at vi då får ein fullgod erstattar slik at alle i heile landet framleis får inn NRK. Ein ev. distribusjon via internett er per i dag ikkje god nok. Langt frå alle i distrikta har tilfredsstillande breibandstilbod grunna manglande fiberutbygging, og tilbodet har ikkje same dekningsgrad som Riks-TV. Av same grunn kan ein også seie at tilbodet i NRK sin stadig meir populære nettspejar ikkje er eit tilbod i distrikta før ein har eit fullgodt breibandstilbod til alle.

Etter fylkesrådmannen sitt syn må §13 styrkast gjennom endra formulering der også NRK sitt tilbod på nett skal vere tilgjengeleg for alle innbyggjarane. Nettbruk og sjåarvanar er i rask endring, og det vil i framtida vere tett samanheng mellom breibandutbygginga og i kor stor grad NRK sine ulike tilbod vil kunne seiast å vere tilgjengeleg for alle.

#### *2.4 Tilhøve til kommersielle interesser*

Når det gjeld NRK si rolle i forhold til kommersielle aktørar er det eit faktum at NRK syter for at tilbodet og tenestene har lik kvalitet og er like tilgjengelege i heile landet. Og igjen - mange av dei områda NRK dekker, både geografisk og innhaldsmessig, er ikkje kommersielt interessante og vi vil difor få eit dårlegare tilbod utan NRK. Ei svekking av NRK er ei svekking av tilbodet til folk i heile landet, og rammar hardast der det er få eller ingen andre tilbod. Dette er i seg sjølv eit argument for eit sterkt og uavhengig NRK.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner NRK-plakaten er godt eigna til å forankre og formidle staten sine krav og forventningar til NRK som allmennkringkastar. Plakaten synleggjer også det samfunnsoppdraget NRK har.

NRK-plakaten må styrke NRK som allmennkringkastar med eit breitt mandat, og ressurssterke distriktskontor.

NRK må framleis levere minst 25% av innhaldet sitt i nynorsk språkdrakt.

Mange av dei områda NRK dekker, både geografisk og innhaldsmessig, er ikkje kommersielt interessante. NRK sitt mandat må ikkje avgrensast til dei områda som den kommersielle marknaden ikkje sjølv tek vare på. Ei svekking av NRK vil vere ei svekking av allmennkringkastaren sitt samfunnsoppdrag og medietilbodet til folk i heile landet, og ramme hardast der det er få eller ingen andre tilbod.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)